



## Statens vegvesen

Magnar Bleikli  
Osterfjordvegen 167 A  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/107919-14

Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.11.2021

### Omgjering av vedtak – Klage på vedtak i veglovssak knytt til eigendommen gnr. 188 bnr. 5 i Alver kommune

Vi viser til mottatt klage i veglovssak, vårt saksnr. 21/107919. Statens vegvesen fatta den 27.10.2021 vedtak om avkøyrsløyve på vilkår, for verksemd i form av nytt hagesenter på gnr. 188 bnr. 5 i Alver kommune. Vedtaket er påklaga av eigar(e) av gnr. 188 bnr. 1, Grethe H. Bleikli og Magnar Bleikli, ved brev av 15.11.2021.

Av klagebrevet går det fram:

Me motseier vedtaket om etablering av innkjørsel og flytting av vår innkjørsle på sørsida av E 39 slik det er foreslått i vedlegg til vedtaket.

Innkjørsel på sørsida av E 39 slik den er i dag er innkjørsel til vår eiendom, bnr. 188.1 - Alver kommune. Denne sikrar god og nødvendig tilgang til heile garden og det er ikkje aktuelt for oss å flytta den slik det er foreslått her.

Plasseringa av dagens innkjørsle er avtalefesta, som del av vederlag, etter avtale om avståing av grunn til Statens vegvesen i 2010. I kjøpskontrakten er dagens plassering av innkjørselen nemnt under «Spesielle kontraktsvilkår». Det var også gjort ei vurdering kring trafikkikkerhet frå SVV i denne samanheng. Dagens innkjørsle er òg tenleg sett i samanheng med vidareutvikling av vår eigendom. Dette gjeld uavhengig av framtid traséval for E39.

Ein parsell tilhøyrande garden vår ligg på nordsida av E39, og har tilkomst og vegrett ved innkjørsel på nordsida av E39, som er foreslått endra. Endring av denne innkjørselen må ikkje være til hinder for framtidig tilkomst og eventuell utvikling av den delen av eigendommen vår.

Me reagerer sterkt på at det er foreslått omfattande endringar på vår eigendom utan at me har blitt informert og involvert i dialog med søkjar på førehand.

I klagebrevet vert det påpeikt at tiltakshavar ikkje har dei naudsynte rettigheitene til å flytte dagens avkøyrsløyve til eigendom gnr. 188 bnr. 39 slik føresetnaden er i løysinga som vart godkjend den 27.10.2021. Området er ikkje regulert. Endringane kan såleis ikkje

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

gjennomførast utan at det ligg føre ei privatrettsleg avtale. Grunneigar av gnr. 188 bnr. 1 har gjort det klart at dei ikkje er interessert i ei avtale basert på denne løysinga.

På bakgrunn av mottatt klage omgjer Statens vegvesen med dette sitt tidlegare vedtak av 27.10.202. Tidlegare vedtak vert såleis erstatta med eit nytt vedtak i saka:

Vi viser til søknad av 09.07.2021.

#### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknaden om etablering av avkøyrsløse frå E 39 til eigedomen gnr. 188 bnr. 5 i Alver kommune.

#### **Bakgrunnen for vedtaket**

Det er gjennom klage frå grunneigar av gnr. 188 bnr. 1 synleggjort at det ikkje ligg føre naudsynte rettigheter for å kunne flytta dagens avkøyrsløse til denne eigedomen slik det er vist på teikning E001 rev. A, dagsett 08.10.2021. Vilkåret i vedtak av 27.10.2021 om flytting av denne avkøyrsløsa kan såleis ikkje oppfyllest.

#### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Statsforvaltaren i Vestland. Send klagen til Statens vegvesen; Transport og samfunn, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 LILLEHAMMER. [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no), som vil , sende klagen vidare til klageinstansen.

#### **Vedlegg**

Veglova [§ 40 og § 43](#)

Tekniske teikningar

E001

E002

E003

Transport vest, Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

## **Vegloven § 40**

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

## **Vegloven § 43**

Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sette for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisktliner mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar og fylkesvegar og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

<b>(1) Avsender (forvaltningsorganets stempel)</b> Statens vegvesen	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd)
<b>(3) Mottaker (navn og adresse)</b>	<b>(2) Dato</b> 23.11.2021. <b>(4) Klageinstans</b> Statsforvaltaren i Vestland
<b>Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.</b>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over vedtaket.
<b>Hvem kan De klage til?</b>	Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk <b>(1)</b> . Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk <b>(4)</b> .
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoen for når De mottok dette brevet. Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det.
<b>Rett til å kreve begrunnelse</b>	Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen.
<b>Innholdet i klagen</b>	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>— hvilket vedtak De klager over</li> <li>— årsaken til at De klager</li> <li>— den eller de endringer som De ønsker</li> <li>— eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen</li> </ul> Klagen må underrettes.
<b>Utsetting av gjennomføringen av vedtaket</b>	Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.
<b>Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning</b>	Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk <b>(1)</b> . De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen.
<b>Kostnader ved klagesaken</b>	De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk <b>(4)</b> ) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning.
<b>Klage til Sivilombudsmannen</b>	Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen.
Særlige opplysninger	

0073 B (Godkj. 05-95) Elektronisk utgave

Kopi

ABO Plan &amp; Arkitektur AS, Postboks 291, 5203 OS

ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG